



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: 1. etg., Volda samfunnshus
Dato: 08.11.2018
Tid: 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Idar Flo	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hild Våge	Medlem	AP
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Edvin Dale	Medlem	FRP
Sølvi Dimmen	Nestleiar	SP



VOLDA KOMMUNE

Varamedlemer som møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Jan Henning Egset	Hild Våge	AP
Egil Berg	Edvin Dale	FRP
Magny Astrid Fylling	Erlend Krumsvik	KRF
Jan Øystein Håvik Holsvik	Sølvi Dimmen	SP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 118/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 119/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 120/18	Prosjektmidlar - Volda Campus Arena
PS 121/18	Orienteringssaker
OS 40/18	Orientering om årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022



PS 118/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var 27 møtande ved møtestart.

Innkalling:

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 01.11.2018. Møtet vart annonsert i «Møre» den 03.11.2018.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste:

Det var ingen merknader til saklista.

Røysting:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Ettersendte dokument møtedagen:

Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022.

PS 119/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte 27.09.2018 vart samrøystes godkjent.

PS 120/18 Prosjektmidlar - Volda Campus Arena

Administrasjonen si tilråding:



VOLDA KOMMUNE

Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 1.944.000,- i samband med gjennomføring av anbudsarbeidet for Volda Campus Arena. Summen inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet.

Vedtaket om midlane knytt til prosjektleiing fram til godkjent bygg samt innleige av lokal byggeleiing, om lag kr. 1.560.000,- , vert gjort på vilkår av at kommunen oppnår tilfredsstillande avtalar og endeleg vedtak om igangsetjing.

Dekning: kto 12700.1200.380 Prosj 801750 som vert tilført tilsvarande sum frå disposisjonsfondet.

Handsaming:

Idar Flo reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i Volda Campus Arena, jf. kl. § 40 og fvl. § 6, 1.ledd, e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Idar Flo vart samrøystes kjent inhabil.

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 08.11.2018

Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 1.944.000,- i samband med gjennomføring av anbudsarbeidet for Volda Campus Arena. Summen inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet.

Vedtaket om midlane knytt til prosjektleiing fram til godkjent bygg samt innleige av lokal byggeleiing, om lag kr. 1.560.000,- , vert gjort på vilkår av at kommunen oppnår tilfredsstillande avtalar og endeleg vedtak om igangsetjing.

Dekning: kto 12700.1200.380 Prosj 801750 som vert tilført tilsvarande sum frå disposisjonsfondet.

Idar Flo tok sete.

PS 121/18 Orienteringssaker



VOLDA KOMMUNE

OS 40/18 Orientering om årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022

Rådmann Rune Sjørgard og økonomisjef Kari Mette Sundgot presenterte «Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022, administrativt framlegg» til kommunestyret.

Møtet slutt kl. 15:20

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
09.11.2018

Sonja Håvik
førstekonsulent